



Direktoratet for byggkvalitet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Renate Frøyen, 71 25 84 15

Høyringsfråsegn til forslag om endringar i byggtেকnisk forskrift TEK17 §§ 7-2 og 7-4.

I Møre og Romsdal har unntaksparagrafen i byggtেকnisk forskrift vore viktig for kommunane og lokalsamfunna langs Storfjorden sidan den trådte i kraft for over ti år sidan. Samtidig er vi medvitne om at auka utbygging i kjende fareområde gjev ein auka samfunnsmessig risiko. Dette gjer at det framleis er behov for ein gjennomtenkt arealbruk og medviten utbygging i flodbølgjeutsette område. Det er viktig at vi har eit godt regelverk som legg til rette for dette.

TEK17 § 7-4 er ein unntaksparagraf

Vi ser av samla forskriftsforslag at departementet foreslår å fjerne presiseringa om at TEK17 § 7-4 er ein unntaksparagraf. Hovudregelen er at TEK17 § 7-3 nyttast i skredfarlege område. Det er berre ved særskilde unntakstilfelle at TEK17 § 7-4 kan nyttast, og dette må kome tydeleg fram av forskrifta. Vi meiner derfor det er feil å fjerne presiseringa.

Avklaring av utbygging i arealplan

Vi meiner som departementet at utbygging i fareområde må vere avklart gjennom ein arealplan. Forslaget opnar opp for at avklaring kan skje gjennom detaljregulering, medan det i gjeldande regelverk er krav om avklaring gjennom regional plan, kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering.

Ein viktig grunn til det noverande kravet er at det sikrar ein heilskapleg tilnærming til arealutvikling i eit fareområde. Ein detaljregulering kan derimot omfatte areal so lite som ei enkel tomt. Ved mange mindre detaljreguleringar, er vi uroa for at kommunen over tid kan miste oversikta over den samla endringa av arealbruken i fareområde. Vidare meiner vi at det kan verte utfordrande for mindre planområde å tilfredsstillande dokumentere vilkåra i ny § 7-4 første ledd bokstav b).



Statsforvaltaren meiner det er viktig at utbygging i fareområde, der det i utgangspunktet er for farleg å bygge, er ein del av ein heilskapleg plan for bruken av området. Å avklare vilkåra i ein overordna arealplan er krevjande og kan ta tid når det gjerast første gongen, men dette er ikkje eit argument for at ein skal gå vekk frå eit slikt krav. Unntaksparagrafen tillèt utbygging i område som ikkje er vurdert som tilstrekkeleg trygge. Dette er eit ansvar som må takast alvorleg.

Nytt andre ledd i TEK17 § 7-4

Forlag til nytt andre ledd i TEK17 § 7-4 (2) har ei utforming som er tung å lese og vanskeleg å forstå, og vi ber departementet vurdere om den kan gjerast tydelegare.

Vi er samd i ynsket om å differensiere mellom område med ulik fjellskredrisiko. Dette er spesielt føremålstenleg i område med låg fjellskredfare. Det er mindre føremålstenleg i område som har både høg og låg fjellskredfare. Til dømes kan fjellpartiet Åknes delast inn i fire parti med ulike scenario og ulik risiko. Det er likevel ikkje utarbeidd beredskapsplanar knytt til dei ulike scenarioa, men berre for verstefallsscenarioet. Dette betyr mellom anna at sjølv ved det minste skredscenarioet, vil beredskapssystemet med varsling og evakuering handtere det som det verste skredscenarioet med omfattande evakuering. I praksis betyr dette at bygg som ligg i område med skredfare 1/5000 eller lågare likevel må evakuere ved fare for skred på 1/100 eller høgare. Konsekvensane ved forskriftsendringa i desse områda er at potensielt fleire, og viktige funksjonar, må evakuere slik at bygga ikkje kan nyttast over tid. Dette skil seg vesentleg frå område som berre har fjellskredscenario på 1/5000 eller lågare, der risikoen for evakuering er låg.

Forslag til nytt andre ledd bokstav c) stiller lågare krav til beredskapssystem enn nytt første ledd bokstav b). Mellom anna er det ikkje krav til overvaking av det ustabile fjellpartiet. Beredskapsplanane for fjellskred er tett knytt opp mot rørsle i ustabile fjellparti. Vi kan derfor vanskeleg sjå føre oss at beredskapsplanar kan fungere tilfredsstillande i fareområde der fjellparti ikkje er overvaka (periodevis eller kontinuerleg).

Vidare ser vi at nytt andre ledd bokstav c) ikkje krev særskilt vurdering av om det skal vere restriksjonar for oppføring av bygg som er vanskelege å evakuere. Vi meiner dette er eit krav som òg må gjelde for planlegging etter nytt andre ledd. S3-tiltak kan ofte vere vanskelege å evakuere, som til dømes barnehage, sjukeheim, omsorgsbustadar mm.

Departementet meiner rimeleg høyringsfrist er to til tre veker ved planlegging etter TEK17 § 7-4 nytt andre ledd. Vilkår i nytt andre ledd bokstav b) vil i mange tilfelle vere komplekst å dokumentere, noko som gjev behov for lengre høyringsfrist. Vidare er TEK17 § 7-4 ein paragraf som sjeldan (skal) nyttast. Å gje gode fråsegn kan derfor vere tidskrevjande ved bruk av paragrafen.

Utvide unntaksparagrafen i TEK17 § 7-4

Det er forslag om å utvide unntaksparagrafen til òg å gjelde primærverknadane av fjellskred. Grunngevinga er at persontryggleiken i desse områda er vareteke tilsvarande som i område råka av sekundærverknadar av fjellskred, og det er interesse for vidare utbygging i fareområda.



Departementet har derimot ikkje drøfta om desse områda vil tilfredsstillе dei andre vilkåra i § 7-4 som ikkje omhandlar beredskapssystemet.

Ein av hovudgrunnane til behovet for unntaksparagrafen var at sekundærverknadane av fjellskred råka eit omfattande område som mellom anna gjorde det vanskeleg/umogleg å finne alternative trygge utbyggingsområde. Primærskred frå fjellskred råkar meir avgrensa område, noko som gjev større rom for å finne alternative trygge utbyggingsområde. Vi ser at Mannen i Rauma kommune vert nytta som eit døme på behovet for denne endringa. I verstefallsscenarioet ved fjellskred frå Mannen vert 34 eigedomar direkte råka av fjellskredet (tal frå 2009). Med nokre unntak er dei fleste eigedomane fritidsbustadar utan fast busetting. Primærskredet frå Mannen vil ikkje råke sentrumsfunksjonar, hjørnesteinsverksemdar eller kommunale beredskapsinstitusjonar i Rauma kommune. Det er soleis ikkje varetaking persontryggleiken som er den største hindringa for vidareutvikling av området råka av primærskredet, men dei resterande vilkåra i forslag til nytt første ledd bokstav a). Vi meiner derfor at det er eit avgrensa behov for at unntaksparagrafen vert utvida til å omfatte primærverknadane av fjellskred.

Bruk av organisatoriske tiltak

Vi er uroa for ei utvikling der regelverket i større grad opnar for at organisatoriske tiltak skal kompensere for manglande tryggleik. I DiBK sin rettleiar til TEK17 § 7-3 står det mellom anna: «... organisatoriske tiltak er utføreseielege og sårbare, særleg over tid, som har innverknad både for personleg og materiell tryggleik.» Denne uroa samsvarar med vår førre høyringsfråsegn til endring av unntaksparagrafen. I vår høyringsfråsegn skreiv vi mellom anna: «*Beredskapsplanar må lagast, samordnast, oppdaterast, vedlikehaldast, øvast, evaluerast, og på eit (eller fleire) tidspunkt; gjennomførast. Dette er eit kontinuerleg arbeid som krev tid og ressursar frå mange beredskapsaktørar. Desto fleire bygg, verksemdar, institusjonar, infrastruktur og liknande som ligg i fareområdet, desto meir kompleks og krevjande blir beredskapsarbeidet for å sikre liv og helse i forkant av eit fjellskred.*»

Avgrense forbodet i § 7-2 første ledd

Vi er samd i at kravet i TEK17 § 7-2 første ledd bør samsvare med tilsvarande krav i TEK17 § 7-3 første ledd. Vi viser elles til vår fråsegn av 16.08.2022 til forslaget om å endre TEK17 § 7-3 første ledd.

Behov for ei grense for akseptabel skredrisiko med påfølgjande flodbølge

Når regelverket opnar for å fråvike akseptabel skredrisiko bør forskrifta ha ein absolutt grenseverdi for akseptabel skredrisiko, sjølv for overvaka fjellparti. Vi ynskjer eit regelverk som set ei grense for akseptabel skredrisiko ved planlegging etter TEK17 § 7-4. Det bør ikkje vere opp til den enkelte kommune å gjere denne vurderinga.

Manglande samsvar mellom TEK17 §§ 7-2 og 7-3 sine tryggleikskrav og forskrift om oppbevaring av eksplosivar § 37.

§ 37 andre ledd i forskrift om oppbevaring av eksplosivar seier at lager [for oppbevaring av eksplosiv vare] ikkje skal plasserast i skred-, ras- eller flaumutsette område. Kravet i eksplosivforskrifta kan tolkast som eit totalforbod mot plassering av eksplosivlager i fareområde, medan TEK17 krev at tiltak skal plasserast i ein tryggleiksklasse for å vurdere kva



som er tilstrekkeleg skred- og flaumtryggleik. Kravet i eksplosivforskrifta oppfattast som strengare enn tryggleikskrava i TEK17. Dette samsvarar spesielt dårleg no når det til dømes ikkje lenger er forbod mot å plassere storulukkeverksemdar i skred- og flaumfarelege område.

Vi ber om at KDD nyttar høvet til å sikre at tryggleikskrava for naturfare samsvarar på tvers av lovar/forskrifter.

Rettleiing til TEK17 § 7-4

Høyringsnotatet skildrar noko rettleiing til tolking/bruk av TEK17 § 7-4. Vi ber om at desse takast med i oppdatert rettleiar til TEK17 § 7-4, og at rettleiinga vert oppdatert so snart som mogleg etter endringane i TEK17 kapittel 7. Vi ser føre oss at fleire kommunar/tiltakshavarar ynskjer å regulere etter dei nye paragrafane kort tid etter verknad. Det er derfor viktig at rettleiinga er raskt på plass slik at kommunane har dei rette føresetnadane for å planlegge arealbruken i fareområde der TEK17 § 7-4 er aktuell.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Stine Sætre
fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent